

SOLVIND PROSJEKT AS
Ullandhaugveien 150
4021 STAVANGER

Vår dato: 03.07.2022

Vår ref.: 200804920-61 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Vardøya vindkraftverk – Konsesjonen har bortfalt

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) opplyser med dette brevet at konsesjonen for å bygga og driva Vardøya vindkraftverk har falle bort. Vindkraftverket vart ikkje realisert innan tidsfristen som vart satt som eit vilkår i anleggskonsesjonen.

Vardøya vindkraftverk fekk konsesjon av NVE den 29.04.2009.¹ Vindkraftverket var planlagt i Træna kommune, Nordland fylke.

I anleggskonsesjon av 25.11.2014, vilkår 1, står det at anlegget «må være satt i drift innen 01.05.2019».² Vidare står det i vilkår 3, tredje avsnitt, at konsesjonen «bortfaller dersom fristen for (...) idriftsettelse ikke overholdes.»

Vardøya vindkraftverk vart ikkje sett i drift innan fristen for idriftsetting 01.05.2019 og konsesjonen har dermed falle bort.

Dette er ikkje eit enkeltvedtak som kan påklagast.

Med helsing

Svein Grotli Skogen
seksjonssjef

Thomas Mo Willig
overingeniør

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

¹ NVE ref. 200804920-43

² NVE ref. 200804920-58

**Mottakarliste:**

SOLVIND PROSJEKT AS

Kopimottakarliste:

STATSFORVALTEREN I NORDLAND

Nordland fylkeskommune

Træna kommune

ARVA AS

Trygve Selvær